

AS Vik Trevare  
Floten 22  
6893 Vik i Sogn

30.06.2021

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091, Majorstua  
0301 Oslo

### **Innspel til revisjon av konsesjonsvilkår for Vikfalli og elva Vikja**

Som grunneigar i den lakseførande delen av Vikja ynskjer vi å koma med fylgjande innspel til vilkårsrevisjonen:

- Regulanten bør verta pålagt ein meir stabil vassføring nedstraums Hove kraftverk. I dette også kor raskt ein kan regulera vasstanden opp og ned. Med dagens styring av vassføringa er det openbart at det er negativt for fisken.
- For å betra rammevilkåra for fiske er vi av den oppfatning at det bør vera strengare krav til stabilitet og minstevassføring i fiskesesongen. Når ein tilbyr eit fiske er ein avhengig av at det produktet ein leverer har den kvalitet som ein forventar. Idag har tildømes elva kraftig redusert vassføring helgedagane i fiskesesongen. Det er samstundes desse dagane som er mest etterspurt og elva mistar sitt renommé som lakseelv slik vassføringa idag varierar.
- AS Vik Trevare støttar elles Vikja elveigarlag sitt innspel til vilkårsrevisjon

AS Vik Trevare  
Grunde Engan  
Styreleiar